

# TRIOEN KRINGEL



KRINGEL er ein trio med fiolin, piano/trøorgel og lyrikk. Fiolinist Øystein Salhus har med seg pianist John Inge Leira Bjøringsøy og lyrikar Fanny Holmin. KRINGEL har eit allsidig repertoar, og er opne for ynskje frå tilhøyrarane. Utvalet varierer mellom klassiske musikkstykke, folkeviser, populære songar, tonesette lyriske framføringar og eigenkomponert materiale. KRINGEL er opptekne av å få ein god kommunikasjon med tilhøyrarane og å skape musikk møte der ein også bryt konsertforma med samtalar, historieutveksling eller allsong og songleikar. Ordet KRINGEL tyder ein liten sirkel, og kan gi assosiasjonar til slike nære møte, der det at alle er inkluderte i opplevinga er det vesentlege.

## OM UTØVARANE

Øystein Salhus er utdanna fiolinist frå Bergen Musikkonservatorium, og som frilans muskar spelar han i mange samanhengar. Han er tilsett ved Høgskulen i Volda der han underviser i musikk. Tidlegare har han arbeidd mange år som musikkterapeut i Helse Midt-Norge. Han er ein av initiativtakarane til Åram+ festivalen i Vanylven.

John Inge Leira Bjøringsøy er pianist. Han bur på Jensagarden på Bjørke, der familien driv konsertstaden Jensaløda. Han underviser i piano ved Høgskulen i Volda, og deltar i eit vell av samarbeidsprosjekt i distriktet, med eit allsidig repertoar. Han er organist i Bjørke kyrkje. Mange kjenner han frå Folkemusikktrioen Særsvip.

Fanny Holmin er poet og scenekunstnar. Ho debuterte med diktsamlinga Song for to stemmer og ein lukka munn på Aschehoug forlag. Ho arbeidde i mange år i Bergen med egne sceneproduksjonar i samarbeid med musikarar, videokunstnarar og dansarar. Ho er redaktør for tidsskriftet Kraftverk, utgitt av Kunst, kultur og psykisk helse i Bergen kommune. Ho bur i Volda.

## KONTAKTOPPLYSNINGAR

Øystein Salhus: Tlf. 95468633 E-post: [salhus@hivolda.no](mailto:salhus@hivolda.no)

John Inge Leira Bjøringsøy: Tlf. 99155416 E-post: [johningen@gmail.com](mailto:johningen@gmail.com)

Fanny Holmin: Tlf. 95179983 E-post: [fanny@fannyholmin.no](mailto:fanny@fannyholmin.no)

Sjå også presentasjon på [www.fannyholmin.no/kringel](http://www.fannyholmin.no/kringel)